

Innleiing
I tråd med emneskildringa til <i>PED212, Bacheloroppgåve i pedagogikk</i> har undervising og vegleining som målsetjing å utvikle studentane sin vitenskaplege tenkje- og arbeidsmåte. Dei skal lære kva slags krav som vert stilt til eit større skriftleg produkt og kva som kan vere ein føremålstenleg arbeidsmåte. Gjennom innsamling og drøfting av relevant materiale skal studentane lære å formulere ei problemstilling og å arbeide systematisk mot å svare på denne.
Faglærer sin vurdering av:
<ul style="list-style-type: none"> • undervisings- og vurderingsformer
<p>PED212 si viktigaste undervisningsform er seminaret, 10 seminar på fire timar fordelt ut over i semesteret. Seminaret blir tilpassa studentane sine behov, og ein vekslar mellom å ta føre seg de ulike stega i arbeidsprosessen og å gje individuell og gruppe-rettleiing. Studentane får dessutan 4 førelesningar tidleg i semesteret, samt kurs i litteratursøk på Universitetsbiblioteket. I tillegg får kvar student to tilbakemeldingar på tekst, på 1. og 2. utkast av oppgåva.</p> <p>Eksamen er todelt, ei vurdering av den skriftlege oppgåva (ca. 7000 ord) som blir supplert av ei munnleg presentasjon av oppgåva og arbeidsprosessen med sensorar og medstudentar tilstades. Munnleg eksamen er justerande.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Litteratur
<p>PED212 har eit avgrensa fellespensum som skal gje innblikk i faget sin historie, forskingsmetode og forskingsetikk. Det kan vere ei utfordring å aktivere eit slikt fellespensum i eit emne som har individuell bacheloroppgåve som sitt hovudmål, og faglærer vil arbeide mot å avvikle kompendiet i si noverande form, og etablere ei digital litteraturliste som vil ha same funksjon.</p>
Rammevilkår:
<ul style="list-style-type: none"> • lokale og undervisingsutstyr
<p>PED212 er avhengig av å ha eit rom som er stort nok til å halde på med ulike aktivitetar i same rom. Grupper, individuelt arbeid og vegleining skal nokre gonger gå føre seg parallelt. Dette har våren 2015 fungert greitt.</p>
Studentevalueringar:
<ul style="list-style-type: none"> • metode – gjennomføring
<p>Studentane blir inviterte til å svare på eit elektronisk spørjeskjema som dei får tilgang til via Mi side. Våren 2015 var det 8 av 19 svarte på studentevalueringa.</p>

- **Studentane sine vurderingar og tilbakemeldingar**

Studentane er svært nøgde med PED212. Dei synest at seminara har fungert svært bra, og at både vegleiinga og samarbeidet med mellom studentane i gruppa har vore av god kvalitet. Dei stiller framleis spørsmål ved kva funksjon førelesningane skal ha. Dei framhevar særlig fleksibiliteten i opplegget som verdifullt, emneansvarleg er heile vegen i dialog med studentane om deira behov i arbeidsprosessen.

Nokre studentar legg til at dei ikkje er nøgde med arbeidsinnsatsen på eigne vegne, de skulle ha starta skriveprosessen mykje før for å godgjere seg vegleiings-ressursane betre.

- **Faglærer sin kommentar til studentevaluering**

Årets evaluering viser at emnet si organisering no fungerer godt og at vi har ein god arbeidsdeling mellom gruppeaktivitetar og individuell tilbakemelding. Nokre av dei stiller framleis spørsmålsteikn ved førelesningane den første månaden, men faglærer vurderer desse som ein godt forum for å inspirere og gå inn i faghistorie, metode og etikk før studentane fordjupar seg i eigne tema.

- **Andre merknader (for eksempel undervegstiltak)**

Eksamensforma er tid- og ressurskrevjande, og det er naudsynt å planleggje munnleg eksamen i god tid.

- **Faglærers samla vurderingar, med eventuelle forslag til endringar**

Faglærer vurderer dette emnet som godt i si noverande form, og vurderer det som riktig å legge til rette for å halde standarden der den er no. Det kan gjerast eit arbeid med å digitalisere fellespensum, og på den måten gjere det meir fleksibelt og attraktivt.